



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Fylkesmannen i Oppland  
Postboks 987  
2604 LILLEHAMMER

| Dykker ref: | Dykker dato: | Vår ref:            | Vår saksbehandlar:       | Vår dato:  |
|-------------|--------------|---------------------|--------------------------|------------|
| 2017/159-2  | 01.02.2017   | 46028/2017/K12/8&85 | Johnny Loen, 71 28 02 43 | 07.04.2017 |

## **Oppland fylke - Lesja og Dovre kommunar - Hjerkinn skytefelt - høring av verneforslag**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Verneframlegget gjeld areal i Lesja og Dovre kommunar og gjeld i den forstand ikkje Møre og Romsdal fylke direkte. Det er likevel viktig, sidan det nye området heng saman med eksisterande nasjonalpark og landskapsvernområde i heile Dovrefjell. I dette fjellområdet har Møre og Romsdal fylkeskommune samarbeidd tett med Oppland, Hedmark og Sør-Trøndelag fylkeskommunar og dei aktuelle kommunane i området, mellom anna i det historiske Dovrefjellrådet, og i utforminga av regionale planar for Dovrefjell. Samarbeidet har eksistert i fleire tiår.

Møre og Romsdal fylkeskommune er positivt til at ein no har landa eit verneforslag som sikrar at det gamle skytefeltet vert forvalta som ein del av nasjonalparken og det samla høgfjellsområdet. Når det gjeld dei to alternative verneframlegget, har vi for vår del ikkje særskilde preferansar, men det er klart at å oppretthalde Snøheimvegen (og andre vegar) vil fordre strenge ferdselsreguleringar for at verneføremålet samla skal vere tilstrekkeleg sikra. Dette gjeld særleg forholdet til villreinen.

Når det gjeld verneforskrifta viser vi til til høyringssvar som vil bli gitt til eiga høyring.

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Kopi:  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Oppland fylkeskommune